

Kulturdepartementet

Dykkar ref:

Vår ref:  
2021/630-  
12515/2021

Sakshandsamar:  
Bente Fitjar

Arkivkode:  
F08

Dato:  
10.11.2021

## **Høyrings svar Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler**

Vedlagt følger Fitjar kommune sitt høyrings svar på Ny forskrift om tilskudd til frivilligsentraler.

Med helsing  
Fitjar kommune

Bente Fitjar  
møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur*

Vedlegg

1 Vedtak Høyring- ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar



## MØTEBOK

### Høring- ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar

Utval sak	Utval	Møtedato
67/21	Formannskapet	20.10.2021
57/21	Kommunestyret	03.11.2021

#### Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev - forskrift for tilskot til frivilligsentralar
- 2 Høyringsnotat - ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar
- 3 Retting av formulering i høyringsnotat. 21/3571 Høyring - forskrift for tilskot til frivilligsentralar

#### Bakgrunn:

Frivilligsentralane vart til som eit prøveprosjekt i 1991 og er seinare blitt utvida til 481 frivilligsentralar i 313 kommunar. 43 kommunar har ikkje frivilligsentral. Om lag halvparten av frivilligsentralane er eigd av kommunane. Den andre halvparten er drifta av lag og foreiningar, stiftingar eller andre organisasjonsformer, der kommunen er i større eller mindre grad involvert. Budsjettramma for ordninga har auka vesentleg dei seinare åra, frå ca. 114 millionar kroner i 2013 til om lag 207 millionar kroner i 2021. Frivilligsentralane er lokale møteplassar som bind enkeltmenneske og organisasjonar saman for å skapa eit godt frivillig miljø, gode aktivitetstilbod og et godt samarbeid med lokal offentlegheit. I følgje tal frå Noregs frivilligsentralar organiserer frivilligsentralane over 55 000 frivillige som til saman medverkar til meir enn 2 200 årsværk med frivilligheit.

Kulturdepartementet fremjar i dette høyringsnotatet framlegg om ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar. I tråd med regjeringas frivilligheitspolitiske målsetjingar skal den nye ordninga for tilskot til frivilligsentralar vera enkel, effektiv og gje rom for lokale prioriteringar. I den nye forskrifta held kommunen fram med å ha mykje av ansvaret for forvaltning av tilskotet til frivilligsentralar, men i tråd med Stortingets vedtak nr. 724 17.juni 2020 øyremerkast tilskotet til frivilligsentralar.

#### Forankring i planar/mål:

Kommuneplanen sin samfunnsdel «Fitjar for alle»

Mål i økonomiplan 2021 – 2024

Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablere nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjer meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

#### Saksopplysningar

I framlegget blir det presentert fire ulike modellar for tildeling, men det er modell 1 og modell 4 departementet ber kommunane ta stilling til.

#### Modell 1

*Fordeling etter same prinsipp som før 2017 – eit fast beløp per frivilligsentral. Denne ordninga er enkel, ubyråkratisk og godt kjent. Ei slik fordeling sikrar at alle eksisterande frivilligsentralar framleis kan rekna med tilskot til vidare drift. Samstundes vil det framleis vera store ulikskapar mellom kommunar. Denne modellen er innretta slik at tilskot til nye frivilligsentralar enten må resultera i lågare tilskot til alle, eller at ramma må aukast tilsvarande. Ein slik mekanisme kan føra til press på ordninga.*

## **Modell 2**

Fordela tilskotet til kommunar etter innbyggjartal, men øymerka tilskotet til frivilligsentralar. Denne ordninga er også enkel og ubyråkratisk, men ein del kommunar vil få eit tilskot som ligg langt lågare enn tidlegare tilskot for ein frivilligsentral. Ei slik fordeling krev at kommunen eller andre stiller med ein betydeleg større eigenandel for å finansiera ein frivilligsentral. Ei slik fordeling vil vera i strid med intensjonen i Stortinget sitt vedtak.

## **Modell 3**

Gjev ein minstesats til alle kommunar med minst ein frivilligsentral. Minstesatsen skal, saman med lokal finansiering, dekkja utgifter til ein sentral, og vera på same nivå som tidlegare tilskot per frivilligsentral. Resten av ramma vert fordelt likt på alle landets eksisterande frivilligsentralar. Ei slik fordeling sikrar drift ved eksisterande frivilligsentralar, men kan opplevast urettferdig for dei kommunane som i dag har relativt lågare dekning av frivilligsentralar i sin kommune. Likt modell 1 vil oppretting av nye frivilligsentralar føra til press på ordningen.

## **Modell 4**

*Gjev ein minstesats til alle kommunar med minst ein frivilligsentral. Minstesatsen skal dekkja utgifter til ein sentral, saman med lokal finansiering, og vera på omtrent same nivå som tidlegare tilskot per frivilligsentral. Resten av ramma vert fordelt likt etter tal innbyggjarar, men tilskotet vert øymerka frivilligsentralane. Ei slik fordeling gjev ein meir lik fordeling av tilskot per innbyggjar, men sikrar framleis eit tilbod om frivilligsentral i alle kommunar.*

## **Vurdering:**

**Modell 1** har ei fordeling av tilskot lik dagens ordning. Alle kommunane får et grunntilskot på om lag 440 000 kr per frivilligsentral, i tillegg til at den enkelte sentral har 40 % lokal finansiering. Lokal finansiering kan vera enten i form av tilskot frå kommunen, eller midlar som sentralane skaffar seg sjølv. Kommunen mottok tilskotet for alle sentralane i kommunen, og pliktar å betala ut tilskotet i sin heilheit til sentralane. I 2021 fekk Fitjar kommune kr 440.000,- i tilskot til Fitjar frivilligsentral. Modell 1 vil i stor grad vidareføra tilskotet slik det har fungert tidlegare. Ei slik fordeling er ubyråkratisk og vil gje forutsigbarheit til dei eksisterande frivilligsentralane som kan fortsetja drifta si som før. Ulempa med denne ordninga er at dersom det vert etablert nye frivilligsentralar både lokalt og nasjonalt, er det ein sjanse for at satsen per frivilligsentral må setjast ned. Denne modellen kan også bli sett på som urettferdig, då kommunar med flest frivilligsentralar per innbyggjar får et tilskot som er mykje høgare enn kommunar med færrest frivilligsentralar per innbyggjar.

**Modell 4** gir eit grunntilskot på 360 000 kr til ein sentral til alle kommunane som har frivilligsentralar. I tillegg til dette mottok kommunane et innbyggjartilskot basert på innbyggjartalet til den enkelte kommune. Kulturdepartementet foreslår at minstesatsen vert sett slik at ein kommune med 5000 innbyggjarar får det same i statstilskot i den nye ordninga som ein kommune får for ein frivilligsentral i 2021. I praksis betyr dette at kommunar med mindre enn 5000 innbyggjarar vil få mindre i tilskot enn det dei har fått i 2021 og større kommunar vil få meir i tilskot enn det dei har fått tidlegare.

## **Faglege vurderingar:**

For Fitjar kommune handlar dette først og fremst om økonomisk utteljing i høve til eit statleg øymerka rammetilskot. Det er nødvendig å vita kva ein vil få i statlege overføringar når stramme kommunebudsjett skal forankrast. Modell 1 vil gje dei beste forutsetningane for å sikra eit framtidig og øymerka tilskot til frivilligsentralen.

## **Folkehelse:**

Frivilligsentralen er ein viktig aktør for ulike aktivitetar i Fitjar jf. avsnittet «Fitjar for alle» i samfunnsdelen av kommuneplanen.

## **Klima/miljø:**

Ikkje aktuelt i denne saka.

### **Økonomi og forankring i økonomiplanen:**

Fitjar kommune har inngått ein avtale med Fitjar Frivilligsentral fram til 31.12.23 Jf. Kommunestyrevedtak 09.12.2020. I økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det lagt inn ei kommunal grunnfinansiering til Fitjar frivilligsentral på kr 468.000,-. Dette inkluderer ei rammeoverføring frå staten tilsvarande kr 440.000,-. I tillegg vert den økonomiske ramma i avtalen sikra gjennom ei prosjektfinansiering (kr 147.000,-) og ei eiga finansiering (kr 123.000,-). Dette stettar kravet om minst 40 % lokal finansiering av frivilligsentralen sitt totale driftsbudsjett.

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å fatta slikt vedtak:

Fitjar kommune støttar bruk av modell 1 i forslaget til ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar.

Dette er ei fordeling etter same prinsipp som før 2017 – eit fast beløp per frivilligsentral. Denne ordninga er enkel, ubyråkratisk og godt kjent. Ei slik fordeling sikrar at alle eksisterande frivilligsentralar framleis kan rekna med vesentleg tilskot til vidare drift. Det skapar ein forutsigbar situasjon både for frivilligsentralane og for kommunane.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 20.10.2021**

### **Behandling:**

Rådmannen orienterte om at høyringar handsamast av formannskapet, jf delegasjonsreglementet.

Fitjar formannskap vedtok samrøystes følgjande uttale:

### **Vedtak:**

Fitjar kommune støttar bruk av modell 1 i forslaget til ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar.

Dette er ei fordeling etter same prinsipp som før 2017 – eit fast beløp per frivilligsentral. Denne ordninga er enkel, ubyråkratisk og godt kjent. Ei slik fordeling sikrar at alle eksisterande frivilligsentralar framleis kan rekna med vesentleg tilskot til vidare drift. Det skapar ein forutsigbar situasjon både for frivilligsentralane og for kommunane.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.11.2021**

### **Behandling:**

Framlegg til tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Fitjar kommune støttar bruk av modell 1 i forslaget til ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar.

Dette er ei fordeling etter same prinsipp som før 2017 – eit fast beløp per frivilligsentral. Denne ordninga er enkel, ubyråkratisk og godt kjent. Ei slik fordeling sikrar at alle eksisterande frivilligsentralar framleis kan rekna med vesentleg tilskot til vidare drift. Det skapar ein forutsigbar situasjon både for frivilligsentralane og for kommunane.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*